

# MERKNADSSKJEMA – MERKNADER TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR LINDÅS KOMMUNE – GNR. 24 BNR. 2, M. FL. JYDALEN

	Frå	Merknad	Kommentar
1	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) I e-post av 1.8.2016	NVE har ingen merknadar til planframlegget	Teke til etterretning
2	Statens vegvesen (SVV) i e-post av 19.8.2016	<p>SVV er positiv til utvikling av bustadområder i nærleik av barneskuler, og legg vekt på at desse områda må ha trygg skuleveg slik at ein unngår trøng for skuleskyss. SVV meiner at tryggleiken langs skulevegen ikkje drøfta i tilstrekkeleg grad i plandokumenta.</p> <p>Dei første 400 meter, fram til kryss med Reikeråsvegen, går skulevegen langs fv. 249 Mykingvegen. Strekningen har høgt fartsnivå, og etter vårt syn er det ikkje ønskjeleg å la skuleborna gå langs fylkesvegen. Av omsyn til trafikktryggleiken for skuleborna vil Statens vegvesen difor be om at det vert regulert gang- og sykkelveg frå avkjørsla til byggjefeltet og fram til Reikeråsvegen. Det bør settast rekjkjefølgjekrav om utbygging av gang- og sykkelveg før løyve til igangsetting av bustadbygging.</p> <p>På grunn av kurvatur på hovudvegen, må frisiktsona utvidast nord for krysset, slik at ein har sikt til heile vegstrekket innanfor 132 meter.</p> <p>I saksdokumentene er det vist lengdeprofil for sekundærvegen. Vi vil påpeke at sekundærvegen skal ha fall frå vegkant, for å unngå avrenning inn i vegbanen, jf. håndbok N100, kap. E.1.1.1 Linjeføring, figur E.3. Vi ber om at dette rettes.</p>	<p>Teke til etterretning. Trygg skuleveg er drøfta i revidert planframlegg</p> <p>Det er berre 250 meter frå utkøyrsle frå planlagd byggjefelt til snarveg inn på Reikeråsvegen. Dei 160 første av desse 250 meterne er fartsona 80 km/t, dei neste 90 meterne er det 50-sone. Dette er skildra i revidert planframlegg og det bør vurderast å sette ned fartsgrensa til 50 km/t 160 meter lenger sør.</p> <p>Teke til etterretning og endra i revidert plankart</p> <p>Teke til etterretning og endra i revidert lengdeprofil.</p>

# MERKNADSSKJEMA – MERKNADER TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR LINDÅS KOMMUNE – GNR. 24 BNR. 2, M. FL. JYDALEN

3	Fylkesmannen i Hordaland i e-post av 19.8.2016	<p>Fylkesmannen er generelt positiv til planen og meiner at makeskiftet som er gjort er tenleg.</p> <p>I føresegn 3.1 står det BFS1 og BFS2. Vi reknar med at det her skal stå BFS2 og BFS3, sidan BFS1 består av eksisterande bustader.</p>	<p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning og endra i reviderte føresegn.</p>
4	Hordaland fylkeskommune i e-post av 18.8.2016	<p>HFK viser til at planområdet ikkje ligg i tilknytning til senterområde eller kollektivstopp. Dei skriv at dei nye bustadene i stor grad vert bilbasert slik planen ligg føre. Det hadde vore positivt dersom kommunen hadde avventa utbygging av planområdet og satsa på bustadbygging i kommunens senterområde.</p> <p>HFK minner om at trafikkfarleg skuleveg kan gje skyssrett uavhengig av avstand mellom heim og skule, og at det i slike tilfelle er kommunen som har skyssansvaret.</p> <p>Planen som ligg føre sikrar tilstrekkeleg areal for barn og unge. Leikeareala er sikra opparbeida gjennom rekkjefølgjekrav.</p> <p>Om lag 150 m nordaust for planområdet, på eit høgdedrag kalla Husabøen, ligg det eit gardsanlegg frå mellomalder med Askeladden id. 72986. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vart likevel vurdert å vera lågt.</p>	<p>Planen følger gjeldande kommuneplan for Lindås kommune</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p> <p>Teke til etterretning</p>